

Planomtale Kongshaugstranda reinseanlegg

Detaljreguleringsplan, Sula kommune



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Sula kommune
Tittel på rapport:	Planomtale Kongshaugstranda reinseanlegg
Oppdragsnamn:	RA Kvasnes reguleringsplan
Oppdragsnummer:	627245-02
Utarbeidd av:	Anna Hellstrøm
Oppdragsleiar:	Anna Hellstrøm
Tilgjenge:	Open

Kort samandrag

Asplan Viak AS har vore engasjert av Sula kommune for å utarbeide detaljregulering for Kongshaug reinseanlegg. Planforslaget legg til rette for etablering av reinseanlegg med administrasjonsbygg og prosessanlegg for avløpsreinsing i fjellhall. Samtidig skal fortau etablerast langs deler av Kongshaugstranda for å ta vare på sikkerheita til mjuke trafikantar. Det blir sikra plass for avløpsleidningar inn til reinseanlegget. Vegetasjon skal skjule reinseanlegget i landskapet. Ei rekkje avbøtande tiltak er tatt inn i planen for å avgrense ulempene, til dømes krav til luftepipe, trafikk i anleggsperioden, materialbruk, at vegen skal opparbeidast før andre anleggsarbeid startar og krav til maksimalt støynivå.

Revisjon					
Revisjonslogg					
Revisjonslogg					
03	31. mars 2023	Fornminner, eierskap veggrunn, fortau, Fradeling v/ luftepipe	AH	JN/RAO	
02	5. jan 2023	Etter politisk vedtak: 6.1, 6.4 og 8.6	AH	RAO	
01	25. nov. 2022	Nytt dokument	AH	JN/RAO	
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS	

Forord

Asplan Viak AS har utarbeidd reguleringsplan for Kongshaugstranda reinseanlegg på oppdrag for Sula kommune. Det er planlagt eit felles reinseanlegg for Sula kommune og Ålesund kommune med administrasjonsbygg ved Kongshaug. Sjølve reinseanlegget plasserast i fjellhall. Planarbeidet har vore gjort i tett samarbeid med ingeniørar som prosjekterer. Det har vore viktig både å sikre et godt reinseanlegg som oppfyller krava til sekundærreinsing og samstundes avgrense ulempene for de som bur i området.

Ålesund, 25.11.2022

Anna Hellstrøm

Oppdragsleiar

Julie Nordhagen

Kvalitetssikrar

Innhold

1. Samandrag	6
2. Bakgrunn	7
2.1. Hensikta med planen	7
2.2. Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	7
2.3. Tidlegare vedtak i saken	7
2.4. Avløpssystem i Sula og Ålesund kommunar	8
3. Planprosessen	12
3.1. Planprosess for reguleringsplan	12
3.2. Krav om konsekvensutgreiing	15
3.3. Medverknadsprosess og høyring av konsekvensutgreiingar	16
3.4. Kva som ikkje blir avgjort i reguleringsplanen	16
4. Planstatus og rammer	18
4.1. Overordna planar	18
4.2. Gjeldande reguleringsplanar	19
4.3. Tilgrensande planar	21
4.4. Temaplanar	21
4.5. Statlege retningslinjer og internasjonale direktiv	22
5. Skildring av planområdet, eksisterande høve	24
5.1. Planområdet si plassering	24
5.2. Dagens arealbruk og staden sin karakter	25
5.3. Landskap	27
5.4. Kulturminne og kulturmiljø	28
5.5. Naturverdiar	29
5.6. Nærmiljø og friluftsliv	30
5.7. Landbruk	31
5.8. Trafikkforhold	33
5.9. Sosial infrastruktur	35

5.10. Barn sine interesser	35
5.11. Teknisk infrastruktur	36
5.12. Grunntilhøve	36
5.13. Støytilhøve og luftforureining	38
5.14. Forureining i grunnen	38
5.15. Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)	38
6. Omtale av planforslaget	39
6.1. Planlagt arealbruk	39
6.2. Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål	41
6.3. Plassering og utforming av bygg	44
6.4. Trafikkløysing	45
6.5. Parkering	46
6.6. Tilknytting til infrastruktur / nausttomter slettast	46
6.7. Universell utforming	46
6.8. Landbruksfaglege vurderingar	47
6.9. Kollektivtilbod	49
6.10. Kulturminne	49
6.11. Anleggsperioden	51
6.12. Avbøtande tiltak	52
6.13. Rekkjefølgjeføresegn	54
7. Vurderingar av alternative løysningar	55
7.1. Val av resipient	55
7.2. Tidlegare vurderingar av plassering av reinseanlegget	56
7.3. Utsleppspunkt	60
7.4. Plassering av luftepipe	61
7.5. Fortau på oppsida eller nedsida av Konghaugstranda	65
7.6. Transport av overskotsmassar og byggematerialar	65
8. Konsekvensutgreiing	67
8.1. Generelt om konsekvensutgreiinga	67
8.2. Forureining av luft - luktproblematikk	67
8.3. Kulturarv	67
8.4. Friluftsliv, by og bygdeliv	68
8.5. Forureining i sjø	69

8.6. Naturmangfald	69
8.7. Forlenga fortau sørover	69
9. Andre verknader av planforslaget	70
9.1. Overordna planer	70
9.2. Landskap	70
9.3. Staden sin karakter	72
9.4. Forholdet til krava i kap 11 i Naturmangfaldlova	72
9.5. Rekreasjon og friluftsliv	72
9.6. Trafikk	73
9.7. Nausttomter som blir fjerna	74
9.8. Støy	74
9.9. Barn sine interesser	75
9.10. Energibehov/energiforbruk	75
9.11. ROS	75
9.12. Jordressurser/landbruk	77
9.13. Grunntilhøve	77
9.14. Økonomiske konsekvensar for kommunen	78
9.15. Konsekvensar for næringsinteresser	78
9.16. Interesse motsetnader	78
9.17. Samla vurdering av verknad for folkehelse	79
9.18. Avveiiing av verknader	79
10. Innspel ved varsel om oppstart	81
11. Avsluttande kommentar	82

1. Samandrag

Asplan Viak har vore engasjert av Sula kommune for å utarbeide detaljregulering for Kongshaug reinseanlegg. Planforslaget legg til rette for etablering av reinseanlegg med administrasjonsbygg og prosessanlegg for avløpsreinsing i fjellhall. Samtidig skal fortau etablerast langs deler av Kongshaugstranda for å ta vare på sikkerheita til mjuke trafikantar. Det må sikrast plass for avløpsleidningar inn til reinseanlegget. Vegetasjon skal skjule reinseanlegget i landskapet. En rekkje avbøtande tiltak er tatt inn i planen for å avgrense ulempene, til dømes krav til luftepipa, trafikk i anleggsperioden, materialbruk, at vegen skal opparbeidast før andre anleggsarbeidet startar og krav til maksimal støynivå.

Plassering for mellom anna bygg og vegar blir bestemt i reguleringsplanen. Det er mange andre tema som blir avgjort etter anna regelverk og som derfor ikkje skal med i reguleringsplanen, deriblant plassering av utsleppspunkt for reinsa vatn, plassering av VA-leidningar i sjø, reinseteknisk løysning, investeringskostnad, kommunale VA-gebyr, erstatning for grunnverv, krav til luktreduksjon, samarbeidsavtale med Ålesund kommunen og tid på året for anlegg i sjø av omsyn til naturverdiar.

2. Bakgrunn

2.1. Hensikta med planen

Dei politiske vedtaka i Sula og Ålesund kommune legg føring om å planlegge eit felles reinseanlegg som skal oppfylle kravet om sekundærreinsing.

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for eit felles avløpsreinseanlegg på Kongshaugstranda for Sula og Ålesund kommune som erstattar fleire gamle reinseanlegg i dei to kommunane.

2.2. Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Sula kommune er tiltakshavar for reguleringsplanen, medan Norconsult og Asplan Viak er engasjert som plankonsulentar med ansvar for utarbeiding av eit forslag til detaljreguleringsplan.

Norconsult varsla oppstart av reguleringsarbeidet i 2018, medan Asplan Viak tok over ansvaret med å slutføre reguleringsplanen i 2019. Norconsult har hatt ansvar for konsekvensutgreiinga.

I tillegg har Multiconsult bidratt med grunnundersøkingar i området, Rådgivende biologer har gjennomført resipientanalysar og kartlagt naturmangfald på sjøbotnen rundt utsleppsområdet og Nemko Norlab har laga oppdatert luktspreiingsanalyse.

2.3. Tidlegare vedtak i saken

Nedanfor er ei kronologisk oversikt over dei politiske vedtaka som er gjort i saka i Sula kommune:

- K-sak 2010-062, Kommunedelplan avløp, vedtak om planprogram
- K-sak 2011-015, Val av strategi
- K-sak 2012-039, Kommunedelplan avløp, rullering
- K-sak 2013-046, Kommunedelplan avløp, plassering av reinseanlegg Sunde
- K-sak 2013-078, Kommunedelplan avløp, plassering av reinseanlegg Sunde
- K-sak 2016-025, Vedtak om å utgreie samarbeid med Ålesund kommune

- K-sak 2016-109, Kommunedelplan avløp, vedtak om å fortsette samarbeidet med Ålesund kommune
- K-sak 2017-086, Framdriftsplan for realisering av avlaupsanlegg for Sula kommune
- K-sak 2017-087, Midlertidig reinseløysing Sunde U4
- K-sak 2018-014, Innbyggjarforslag - utgreiing av alternativ plassering for framtidig kloakkreinseanlegg
- K-sak 2018-015, Interpellasjon frå Miljøpartiet Dei Grøne
- K-sak 2018-026, Samarbeid med Ålesund eller eige anlegg for Sula
- P-sak 2018-071, Oppstart av planprosess - Kloakkreinseanlegg Kvasnes
- P-sak 2018-099, Varsling av planarbeid for felles avlaupsreinseanlegg på Kvasnes
- K-sak 2018-027, Sunde - midlertidig reinseløysing
- K-sak 2019-024, Avtale om kostnadsfordeling, planlegging
- T-sak 2021-013, Godkjenning av forprosjekt og vidare samarbeid om Kvasnes avløpsreinseanlegg
- F-sak 2021-047, Godkjenning av forprosjekt og vidare samarbeid om Kvasnes avløpsreinseanlegg
- K-sak 2021-045, Godkjenning av forprosjekt og vidare samarbeid om Kvasnes avløpsreinseanlegg
- P-sak, 2021-102, Konsekvensutgreiinga er ferdig, skal ho ut på høyring?
- K-sak 2022-016, Avtale mellom Sula og Ålesund kommunar om samarbeid om prosjektering og etablering
- P-sak 2022-060, Konsekvensutgreiing for reinseanlegg på Kongshaug/Kvasnes
- K-sak 2022-060 Interpellasjon frå Fremskrittspartiet
- K-sak 2022-066, Val av utsleppspunkt

2.4. Avløpssystem i Sula og Ålesund kommunar

Sula og Ålesund har gamle anlegg som sender mykje avløpsvatn ut i sjøen. Sula og Ålesund har i dag, med eitt lite unntak, primærreinseanlegg. Det er anlegg som har krav om berre 50 prosent reinsing. Resten går ut i fjordane, og både Borgundfjorden, Ellingsøyfjorden og Hessafjorden er i ferd med å få nok.

Sula kommune si løysing for avløpsvatn i dag er ulovleg. Dei har ikkje utsleppsløyve og innfrir ikkje dei lovpålagte krava i forureiningsforskrifta om reinsing av kommunalt avløpsvatn. Frist for etablering av reinsesystem som innfrir reinsekrava var for Sula kommune i utgangspunktet 31.12.2015.

Ålesund kommune har avløpsreinseanlegg som ikkje innfrir utsleppskrava, både på grunn av slitasje, utdatert prosessutstyr og overbelastning av tilført framandvatn.

Sula kommune og Ålesund kommune har eit mellombelsfra fritak frå sekundærreinsekravet, men må innstille seg på å innfri dette kravet. Miljødirektoratet har bedt om strengare praksis for tildeling av dispensasjon for sekundærreinsekravet. Både Statsforvaltaren og nytt EU-direktiv peikar dessutan mot strengare reinsekrav som må innfriast.

Våren 2021 varsla Statsforvaltaren både Ålesund kommune og Sula kommune om at dei kjem til å krevje framgang i arbeidet med å rette opp manglar når det gjeld reinsing av vatn og problem med ureinsa overvatn. Statsforvaltaren ser svært alvorleg på saka, og det kan få konsekvensar for pågåande og planlagde hytte- og bustadområde.

Det nye reinseanlegget er planlagt som sekundærreinseanlegg. Der er kravet til reinsing etter forureiningsforskrifta er 70 prosent, men det er normalt at slike anlegg reinsar 80 til 90 prosent.

Om nytt reinseanlegg på Kongshaugstranda vert bygd kan følgjande av dagens reinseanlegg i Sula sanerast:


- RA1 Langevåg
- RA2 Djupvika
- U4 Sunde

Om nytt reinseanlegg på Kongshaugstranda vert bygd kan følgjande av dagens reinseanlegg i Ålesund sanerast:


- RA3 Larsgården (innfrir ikkje primærreinsekrav)
- RA4 Åse
- RA5 Breivik (innfrir ikkje primærreinsekrav)
- RA6 Flisnes

Reguleringsplanen tar ikkje stilling til korleis avløpsvatnet skal reinsast, men legg til rette for eit volum i fjellhallen som er tilstrekkeleg stort for eit prosessanlegg som oppfyller krav til sekundærreinsing.

Status for avløpssystemet:



Status for avløpssystemet i Sula kommune. (Kjelde: Hovudplan for avløp, 2011-2021, Sula kommune).




Utslippspunkt for dei største kommunale utsleppa i Ålesund og Sula kommunar. (Kjelde: Rapport, Resipientundersøkelse i Ålesund og Sula kommuner, 30. april 2019 / 01, Multiconsult).

3. Planprosessen


3.1. Planprosess for reguleringsplan

Det faste utvalet for plansaker i Sula kommune vedtok i møte 4.9.2018, sak 099/18, å varsle oppstart av detaljregulering av avløpsreinseanlegg på Kvasnes i Sula kommune i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Norconsult AS varsla på vegne av Sula kommune oppstart av planarbeidet september 2018. Ved varsel om oppstart blei grunneigarar og myndigheiter varsla i brev og det blei annonsert i Sulaposten.




Kart som viser området for planarbeid i varselet frå 2018. Illustrasjon frå Norconsult.

I samband med varsel om oppstart vart det heldt ein open kontordag på rådhuset 26.09.18 der mange nytta anledinga til å kome med innspel. I tillegg kom det inn 19 innspel både frå private og frå myndigheiter som er med på å legge rammene for det vidare planarbeidet.



Utvida varsel om planarbeid 2019. Illustrasjon frå Norconsult.


Etter varsel om oppstart blei det gjennomført geologiske undersøkingar og vurdert som eit aktuelt alternativ å plassere fjellhallar noko lenger mot nord og delvis utanfor først varsla avgrensing av planen. I tillegg blei det vurdert som ønskeleg å kunne opne for å legge overføringsleidningar i sjø heilt fram til fjellhall. Norconsult AS varsla derfor på vegne av Sula kommune om utvida planområde i brev datert 20.06.19. Varslinga vart utført på same vis som ved varsel om oppstart av planarbeid. Det kom inn 25 innspel i samband med dette.



Utvida varsel august 2022.

Grunnundersøkingar i 2022 har gjort at fjellhallen nå er plassert mellom det som i konsekvensutgreiinga er alternativ B og alternativ C. Derfor blei planområdet varsla utvida nok ein gang 16.08.22. Det kom 8 innspel.

Planprosess detaljregulering



Illustrasjon om planprosess for reguleringsplan frå nettsida til Sula kommune. Eit planforslag skal behandlast politisk i planutvalet før det sendes på høyring og offentlig ettersyn i minst 6 veker. Etter høyringsperioden justerast planen før den sendes til ny politisk behandling i planutvalet. Deretter kan reguleringsplanen bli vedteke av kommunestyret.

3.2. Krav om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR-2017-06-21-854) av 1. juli 2017 vert brukt som grunnlag for vurdering av om planen må konsekvensutgreiast og krevja eit planprogram.

Tiltaket fell ikkje inn under tiltak lista opp i vedlegg I, tiltak som alltid skal utgreiast.

Reinseanlegg for spillvatn er eit av tiltaka som er lista opp i vedlegg II under tiltak der konsekvensutgreiing skal vurderast.

Planmyndigheita har vurdert at tiltaket kan få så store konsekvensar for miljø og samfunn at konsekvensutgreiing skal gjennomførast.

Forskrift om konsekvensutgreiing § 8 gir føringar for tiltak som skal konsekvensutgreiast og for krav om utarbeiding av planprogram:

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a) *reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.*

Ettersom tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrifta og ikkje er i tråd med eller konsekvensutgreia i ei tidlegare plan, så skal tiltaket konsekvensutgreiast i samband med utarbeiding av reguleringsplanen, men det er ikkje krav om planprogram.

I tråd med varsel om oppstart av reguleringsplan er følgjande verknader utgreia i dette planarbeidet:

- Forureining av luft inkl. luktproblematikk
- Forureining av sjø i anleggs- og driftsfase inkl. vurderingar knytt til *Forskrift om rammer for vannforvaltningen*.
- Støyvurderingar i samsvar med *Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen - T1442*
- Trafikkforhold i anleggs- og driftsfasen, inkl. trafikktryggleik
- Grunnforhold og skredfare
- Kulturarv
- Naturmangfald, inkl. marint naturmangfald
- Samfunnsmessige verknader
- Friluftsliv og nærmiljø
- Naturressursar

3.3. Medverknadsprosess og høyring av konsekvensutgreiingar

Fellesnemnaren for innspelene i varslingsperioden var etterlysing av informasjon, og Sula kommune oppretta derfor hausten 2019 ei informasjonsside om prosjektet på kommunen si heimeside. Det ble også sendt ut eit informasjonsbrev oktober 2019 for å svare på nokre av spørsmåla og for å informere om tilgjengeleg informasjon på heimesida.

<https://www.sula.kommune.no/tenester/politikk-planar-og-dokumentinnsyn/planar-under-arbeid/nytt-felles-reinseanlegg/>

Våren 2021 vart det også oppretta ei eiga internettside for prosjektet for å gjere det lett å finne informasjon frå både Sula kommune og Ålesund kommune.

www.blafjordar.no

Konsekvensutgreiinga blei gjort ferdig separat, i forkant av reguleringsplanen.

Planutvalet la konsekvensutgreiingane ut på høyring i sak 2021-102 i desember 2021. I høyringsperioden var det eit ope møte som blei halde digitalt pga. pandemien. Det kom totalt 20 merknader til konsekvensutgreiinga.

Merknadene og konsekvensutgreiinga blei tatt til vitande av Planutvalet i sak 2022-060 i juni 2022. Konsekvensutgreiinga blei lagt til grunn for det vidare arbeidet med planforslaget.

Etter politisk behandling i planutvalet sendes planen ut på høyring og offentlig ettersyn i minst 6 veker. I høyringsperioden vil det bli eit ope møte om forslaget til reguleringsplan.

3.4. Kva som ikkje blir avgjort i reguleringsplanen

Plassering for bygg og veger blir bestemt i reguleringsplanen. Det er mange andre tema som blir avgjort etter anna regelverk og som derfor ikkje skal med i reguleringsplanen. Her under er ei oversikt over nokon av disse tema og korleis det vil bli avgjort.

- Plassering av utsleppspunkt for reinsa vatn – Statsforvaltaren behandlar etter forureiningslova.
- Plassering av VA-leidningar i sjø – Byggesaksavdelinga til kommunen
- Godkjenning av reinseteknisk løysing – Statsforvaltaren behandlar etter forureiningslova
- Investeringskostnad og gebyr – kommunestyret
- Grunnerverv og evt erstatning – Kommunen i tråd med rammar i plan- og bygningslova.

- Krav til luftreduksjon – Statsforvaltaren behandlar etter forureiningslova
- Samarbeidsavtale med Ålesund kommune – kommunestyret
- Krav tid på året for anlegg i sjø av omsyn til naturverdiar – Statsforvaltaren behandlar etter forureiningslova.

4. Planstatus og rammer

4.1. Overordna planar

4.1.1. Fylkeskommunale planar

- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Møre og Romsdal 2016-2021
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020

4.1.2. Kommuneplanen

Følgjande kommuneplanar gir føringar for planarbeidet:

- Kommuneplanens samfunnsdel 2010-2020
- Kommuneplanens arealdel 2015-2025


I kommuneplanens arealdel 2015-2025 er det ikkje tatt høgde for etablering av eit avløpsreinseanlegg på Kongshaustranda. Den gangen var det ikkje bestemt kor det nye reinseanlegget skulle plasserast. Langs Kvasnesvegen er områda i hovudsak regulert til framtidige bustader. I den nordlege delen er området mellom Kvasnesvegen og Kongshaugstranda avsett til LNF-formål.

Areala langsmed strandsona er regulert til friluftsområde, og eksisterande småbåthamn og naust er regulert til anna typar nærare angjeve bygg og anlegg. Areala rundt pallefabrikken er regulert til noverande næringsverksemd, i tillegg er det lagt til rette for utfylling i sjøen sør for pallefabrikken gjennom at området er regulert til framtidig næringsverksemd.

Areala lengst nord og opp mot E39 er regulert til framtidig næringsverksemd.

Mellom Kvasnesvegen og Kongshaugstranda er det markert ei framtidig veglinje, og det er markert framtidig gang- og sykkelveg langs heile Kongshaugstranda.

I store delar av området er det merka av faresone for ras- og skred (H310), i tillegg er det fleire omsynssoner knytt til kulturmiljø og kulturminne. Området mellom Pinesundet, Snauholmen og Notholmen er det ei bandleggingssone knytt til naturvern (H720).




Figur 4-1: Utsnitt fra kommuneplanens arealdel 2015 - 2025.

4.2. Gjeldande reguleringsplanar

Følgande reguleringsplanar er gjeldande i området:

- PlanID 12.0: Reguleringsplan for ny veg til Kvasnes Trevarefabrikk frå rv 14, vedteken 28.02.1977.
- PlanID 11.01: Reguleringsplan for Veibust, vedteken 07.09.1989.

- PlanID 11.02: Reguleringsplan for strandlinje Veibust – Kvasnes, vedteken 05.04.1990
- PlanID 11.02.03: Mindre vesentleg reguleringsendring for strandlinje Veibust – Kvasnes, vedteken 19.08.1997.
- PlanID 11.02.04: Reguleringsendring av strandlinje Veibust – Kvasnes, parkeringsareal og nausttomter, vedteken 14.06.2001.



Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar, rød skravur viser varsla planområde.

4.3. Tilgrensande planar

Følgjande reguleringsplanar grenser til det varsla planområdet:

- PlanID 11.03: Reguleringsplan for Reitehaug, vedteken 04.02.1993
- PlanID 1504300: Spjelkavik – Vegsund del 2, vedteken 24.05.1982

4.4. Temaplanar


4.4.1. Kommunedelplan avløp, 2011-2021

Planen gjer greie for status for reinseanlegg i kommunen i 2012.

«Sula kommune har i dag to reinseanlegg, RA1 i Langevåg og RA2 på Fiskarstrand. Begge anlegga er siler av type Masko-Zoll. Dette er reine silanlegg som ikkje vil kunne klare krava til primærreinsing. Det er berre ei reinseline på kvart anlegg. Mykje avløpsvatn går ureinsa i fjorden når det er tekniske problem på silanlegga. I tillegg til RA1 og RA2 er det også utslepp til fjorden frå Sunde (U3), Eikrem (U4), Kvasneset (U5/U6) og Sulebust (U11).»

Kommunedelplan avløp viser også eit framtidsbilde for reinseanlegg der kommunestyret i Sula vedtok 10.05.2012 ny hovudstruktur for avløp basert på følgjande tiltak:

- RA1 Langevåg fortsett i drift. Oppgraderast for å tilfredsstille primærreinsekrav.
- RA2 Fiskerstrand blir bygd om til pumpestasjon. Overførast til nytt primærreinseanlegg RA14 ved Sunde.
- SA3 Eikrem fortsett utslepp til god sjøresipient via slamavskillar.
- SA11 Sulebust utslepp til god sjøresipient via slamavskillar.



Overføring frå RA2 Fiskarstrand til nytt reinseanlegg RA14 ved Sunde

Illustrasjon frå kommunedelplan for avløp 2021-2021

4.5. Statlege retningslinjer og internasjonale direktiv

4.5.1. Statlege retningslinjer

Følgjande statlege retningslinjer gir føringar for planarbeidet:

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging (1995)
- Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta), FOR-2006-12-15-1446
- Forskrift om redusering av forureining (forureiningsforskrifta), FOR-2004-06-01-931

4.5.2. Vassdirektivet

Det overordna målet med EU sitt vassdirektiv er å fastsetje ei ramme for beskyttelse av vassdrag og sjør, brakkvatn, kystvatn og grunnvatn. For å følgje opp direktivet vedtok Noreg i 2007 vassforskrifta.

4.5.3. Avløpsdirektivet

Avløpsregelverket tar seg av krava i EU sitt avløpsdirektiv (1991/271/EØF og 1998/15/EØF) om reinsing av vatn frå tettstader, og er omhandla i kapittel 14 i forureiningsforskrifta. EU sitt avløpsdirektiv har som hovudkrav at det skal være sekundærreinsing på kommunalt avløpsvatn frå tettstader med ein samla maks belastning på over 10 000 PE i sjø per veke. Krava til reinsing avheng av utsleppa si samla belastning, typen resipient og tilstand og den samla storleiken på utsleppa frå tettstaden.

4.5.4. FNs berekraftsmål

Kommunane har spesielt forplikta seg til å arbeide for FNs berekraftsmål 14 om livet under vatn. Punkt 14.1. viser til at ein innan 2025 skal forhindre og i stor grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, her under forureining som kjem frå marin forsøpling og næringsstoff. Reinare avløpsvatn frå innbyggjarane i Sula og Ålesund vil vere eit avgjerande steg for å nå denne målsetninga i regionen.

5. Skildring av planområdet, eksisterande høve

5.1. Planområdet si plassering

Planområdet ligg i det austlegaste punktet i Sula kommune, og grenser ut til Vegsundet og Storfjorden. Planområdet inkluderer den kommunale vegen Kongshaugstranda, og avgrensast av Vegbustkrysset i nordvest, og naustområda i søraust for Kongshaugstranda og Kvasnesvegen i vest. Planområdet omfattar også eit areal i Breidalen vest for




Oversiktskart over Kongshaugstranda og planområdet over bakken (markert med kvit strek).

eksisterande bustader langs Kvasnesvegen, og større areal under bakken til fjellhall mot Breidalen og Veibustfjellet.

5.2. Dagens arealbruk og staden sin karakter

Området frå Veibust ut mot Kvasnes er i dag prega av landbruksområde, med innslag av einebustader, industriareal og naust.

Landbruksområda er primært avgrensa av vegane Kongshaugstranda og Kvasnesvegen som går i nord-sør-retning gjennom området. Landskapet heller ned mot fjorden i aust. Det er eit aktivt gardsbruk i dette området, som driv med beitedyr. Landbruksområda er nytta til beitemark. Landbruksområda er stadvis inndelt med vegetasjonsbelta og treklynger i aust-vestgåande retning. Kongshaugen markerer seg som ei lita høgde i landskapet, med skogholt rundt.



Landskapet heller ned mot fjorden i aust. Her frå Kvasnesvegen med landbruksområde, og Kongshaugen med skogholt til høgde.

Langs heile Kvasnesvegen er det spreidd busetnad, og enkelte gardsbruk. Det bur rundt 140 personar på Kvasnes i dag, dei fleste i einebustader langs Kvasnesvegen, vest for planområdet, sjå fordeling i figur.

Aust for den kommunale vegen Kongshaugstranda ligg det småbåthamn, naust og opparbeidde friområde fram mot industriområdet på Kvasnes. Det er fleire verksemdar som held til her. Det er ingen bygg på vestsida av vegen i dag, men det er stadvis tett vegetasjon og trær som skjermar områda opp mot Kvasnesvegen.



Bustader langs Kvasnesvegen. Industriområde er markert med raud sirkel.



Naust aust for Kongshaugstranda. Foto: Norconsult AS



Industriområdet på Kvasnes.

Nordaust for planområdet og E39 ligger det fleire områder for industri.

5.3. Landskap


Kvasneset er ein del av ei halvøy som vender seg til sundlandskapet mot nordaust, samstundes som den mot sør er ein del av den vide Storfjorden. Halvøya har den karakteristiske hattfjellforma, med flate markar nærast sjøen og eit raskt stigande terreng oppover mot Leirvåg fjellet. Området som vender seg mot Storfjorden høyrer til landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet, underregion 21.10, Nordre Sunnmøre. Frå Storfjorden opplevast planområdet som grønt, med ubyggd kystlinje og skogkledde bergside. Frå Veibust opplevast planområde meir utbygd, med industriområde, busetnad, landbruksareal og naust.

Planområdet er austvendt, og klimaet er sterkt oseanisk med milde vintrar.

5.4. Kulturminne og kulturmiljø

Innan planområdet finst det fleire automatisk freda kulturminne med eit tidsspenn frå eldre steinalder til yngre jernalder. Enkelte av lokalitetane er også prioriterte kulturminne i regional kulturminneplan for Møre og Romsdal. Mange av lokalitetane er busetnads- og aktivitetsspor som i dag ikkje er synlege på overflata, men det finst også fleire større gravrøyser som ein går ut frå gjev ein samanheng med fleire gravrøyser langs Vegsundet. Både kulturminne innanfor og utanfor utgreiingsområdet inngår i ein kulturhistorisk samanheng med stor tidsdjup i bruken av området, dvs. det viser korleis området har vore i bruk over lang tid, frå steinalderen til i dag.

Nord aust i området ligg Vegsund naustmiljø, ei nausttrekkje med ulik kronologi frå 1870-talet og utover. Naustmiljøet er vanlig førekommande og har heilskaplege kvalitetar, men redusert autentisitet.



Kulturminne i planområdet. Kjelde: Askeladden, Riksantikvaren.

Områda rundt Kvasnesvegen og Kongshaugstranda består av ei rekke automatisk freda kulturminne frå midtre del av eldre steinalder frem til yngre jernalder, samt gardsmiljø med eldre bygningsmasse og samanhengande kulturlandskap.

Fleire av gravrøysene er godt bevarte og synlege på overflaten, men røysene er i dag tilgrodd og lite synlege på avstand. Samla er delområdet eit heilskapleg kulturlandskap med ei rekke automatisk freda kulturminne og stor tidsdjup og vurderast til stor verdi. Fleire av gravminna og busetnadsspora ligg tett på Kongshaugstranda, og grenser mot

tiltaksområda. Gravminna og busetnadspora er automatisk freda etter kulturminnelova, og det må derfor søkjast om å få dei frigitt frå fredinga som del av planprosessen.



Gravrøys aust for Kongshaugstranda. Foto: Asplan Viak

Det regionalt prioriterte gravfeltet på Kongshaugstranda inngår sør i verdiområdet. Dette området vil ikkje bli påverka av utbygginga. Verdiområdet omfattar også gardstun og kulturlandskap med steinalder og teigar med jordbrukshistorisk samanheng.

5.5. Naturverdiar

Det er ikkje registrert viktige førekomstar av naturmangfald der administrasjonsbygget er planlagt. Eksisterande kunnskap om berggrunn- og geologi i utgreiingsområdet tilseier ingen kjent risiko for innlekkasje av vatn og endra hydrologiske forhold for vegetasjon som følge av etablering av fjellanlegg. Planforslaget grenser til kystlyngheiområde ved Leirvåg fjellet, som kan verke direkte inn på planen gjennom etablering av teknisk infrastruktur for ventilasjon av fjellanlegget. Lokaliteten er registrert med lav kvalitet og dårleg tilstand, men har stor verdi.

Vegsundholmane- Veibustholmen naturreservat ligger nordaust for tiltaket, og er eit aktuelt område for kryssing av tilførselsleidning til det nye reinseanlegget. Naturreservatet

er viktig hekkelokalitet for sjøfugl som blant anna fiskemåke, makrellterne og ærfugl. Ålesund kommune har vore i kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal angående å legge ei tilførselsleidning i reservatet. Statsforvaltaren signaliserte at det vil være rom i § 48 i naturmangfaldlova for å gi dispensasjon så lenge tiltaket ikkje gjennomførast i tilknytning til hekkeperioden.

5.6. Nærmiljø og friluftsliv

Friluftslivet på Kongshaugstranda og Kvasneset er i stor grad retta mot fjorden. Heilt nord i planområdet ligger det ei småbåthamn (ved Vegsundbrua). Det er ei rekke med naust langs Kongshaugstranda nordaust i planområdet, mot småbåthamna.




Det er fleire enkeltstående naust spreidd ut over kystlinja, på aksen mellom

Opparbeidd friområde langs sjøen, aust for vegen Kongshaugstranda. Foto: Norconsult AS

Veibustkrysset og Kvasneset. Det er eit opparbeidd friluftsområde ved Kongshaugen kor det er tydeleg at området har parkpreg og egner seg til bruk for ulike samankomstar og friluftaktivitetar (t.d. Jonsok- feiring).

Sula kommune held på med ei kartlegging av friluftsområde i kommunen, og figuren under syner kommunens kartlagde områder nær Kongshaustranda.




Kartlegging av friluftsområde i Sula kommune nær Kvasnes.

Det er ein del tungtrafikk på Kongshaugstranda knytt til industriområdet på Kvasnes. Det er ikkje tilrettelagd for mjuke trafikantar med fortau eller gong - og sykkelveg. Det er ingen langsgåande stiar langs strandlinja eller andre stader. Sør for planområdet har Friluftsrådet ein ambisjon om å utarbeide ei plan for å kople saman Solavågen - Kongshaugstranda - Stafsetneset som ein samanhengande tur- og opplevingskorridor.

5.7. Landbruk

Store deler av varsla planavgrensing er i www.kilden.nibio.no registrert som jordbruksareal. Dei største samanhengande areala finst nord i området. Det finst ikkje jordsmonnkart over området (detaljert kunnskapsgrunnlag). Ved verdivurdering av jordbruksareal er det tatt utgangspunkt i arealressurskart (AR5) og digitalt markslagskart (DMK). Rundt planområdet er det store teigar med lettbrukt fulldyrka jord. I regional kontekst er størrelsen på dei største teigane store og er ein del av eit samanhengande jordbruksområde. Planforslaget ligg i eit område som har stor verdi i ytterkant av ein større jordbruksteig med fulldyrka mark, med deler av ein mindre fulldyrka teig, eit større areal med overflatedyrka mark/innmarksbeite.



Utklipp fra verdikart naturressurser med oversikt over delområde som viser jordbruksressurser. Lilla sirkel viser plasseringa til administrasjonsbygget.


5.8. Trafikkforhold

5.8.1. Køyretilkomst og vegsystem

Tilkomst til området er via E39 (Veibustkrysset) og kommunal veg Vassmyra. Lokalområdet på Kvasnes består av dei kommunale lokalveiene Kongshaugstranda (kv.1191), Fabrikkvegen (kv.1197) og Kvasnesvegen (kv.1190).

5.8.2. Trafikkmengd

Sula kommune gjorde ei trafikkregistrering i Kongshaugstranda 10 dagar i juni 2018. Resultata viser at gjennomsnittleg døgntrafikk over året (ÅDT) var om lag 360. Tunge køyretøy utgjer om lag 7,5% av totaltrafikken, dvs. i snitt 27 tunge køyretøy i døgnet. I registreringsperioden var trafikken måndag-fredag om lag 410, og med markert trafikktopp i perioden kl. 07-08 og kl. 15-16.



Veger i planområdet. Kilde: Norconsult

Det er om lag 40 husstandar der Kongshaugstranda er den naturlege ruta å bruke til og frå området. Ut frå ein situasjon med stor bruk av privatbil "produserer" husstandane om lag 200 turar i døgnet (ÅDT). På kvardagar utgjer arbeidsreiser og vareleveransar til / frå næringsareala ved Kongshaugstranda 101 / 105 ÅDT om lag halvparten av trafikken i Kongshaugstranda.

Kongshaugstranda har fartsgrense 50 km/t, mens dei andre vegane har soneregulering 30 km/t. Registreringa i juni 2018 viste at gjennomsnittsfarten var 56,5 km/t i Kongshaugstranda. Det er over fartsgrensa, men ikkje uventa i og med at det ikkje er hus eller anna aktivitet inntil vegen ved registreringsstaden.

5.8.3. Ulykkessituasjon

Det er ikkje registrert politirapporterte trafikkulykker med personskade på veiene i planområdet dei siste 15 åra. I krysset Kongshaugstranda / Vassmyra er det registrert ei ulykke der 3 personar ble lettare skadd (2004) *Kilde: NVDB/Vegkart.no*.

5.8.4. Trafikksituasjon for myke trafikkantar

Kongshaugstranda har ikkje fortau eller gang/sykkelveg i dag.

Samtidig er Kvasnesvegen eit godt alternativ for gåande og syklande som bur i området. Vegen er stadvis smalare enn det kommunal vegnorm for nye tilsvarande veger tilseier. Det er ein eit-felts veg, noko som gir lågare fartsnivå. Det er stort sett lokaltrafikk langs vegen, og trafikkmengda er lav.

Det er to kulverter under E39 som gir tilkomst til området, begge er ope for biltrafikk. Kulverten i Kvasnesvegen har berre eit køyrefelt utan fysisk skille mellom trafikantgrupper. Høgda i kulverten er 4,2 meter. Kvasnesvegen er ikkje egna for tungtrafikk.

Kulverten i Kongshaugstranda er vesentleg breiare, men heller ikkje den har god løysing for mjuke trafikkantar.



Til venstre: kulvert i Kongshaugstranda. Til høgre: kulvert i Kvasnesvegen.

5.8.5. Kollektivtilbod

Det går regionale og lokale bussar frå E39 Veibust til Ørsta-Volda, Ålesund-Molde, Moa via Spjelkavik og Langevåg.

Skulebarn i området har skuleskyss. Haldeplass er ved krysset Kongshaugstranda/ Fabrikkvegen.


5.9. Sosial infrastruktur

Det er ingen skular, barnehagar eller annan sosial infrastruktur i planområdet. Fram til slutten av 90-talet var det barnehage og barneskule på Veibust. I dag er næraste barnehagar den offentlege barnehagen på Sunde og den private barnehagen Gnist Bjørkavåg på Eidsnes. Næraste barneskule er Solevåg barneskule som ligg på Eidsnes. Næraste ungdomsskule er i Langevågen.

5.10. Barn sine interesser

Det er ingen organiserte tilbod til barn og unge innanfor planområdet (sosial infrastruktur, leikeplassar, ballbingar eller liknande), men friluftsområda er antatt å ha verdi også for barn og unge. Det ligger ein samlingsplass i grøntområdet mellom fjorden og Kongshaugstranda som brukas til forskjellige aktivitetar/samlingar, t.d. Jonsok-feiring.

Sula kommune har utført barnetråkkregistreringar og resultatet kan ein sjå i figuren under. Dyrka mark mellom Kvasnesvegen og Kongshaugstranda nyttas til å ake, og det er registrert fiske ved naustet på Kvasneset og frå industriområdet. Det er òg registrert akebakke ytst på Kvasneset. Det er registrert badeplassar ved Sunde. Turveg opp mot Breidalen er også markert.



Barnetråkkregistrering frå Sula kommune.

5.11. Teknisk infrastruktur

5.11.1. Vann og avløp

Det er ikkje offentlege avløpsleidningar langs Kongshaugstranda i dag. Kvasnes-området har offentlig vassforsyning.

5.11.2. Trafo


Det er ein eksisterande trafo ved Veibuskrysset. Det må etablerast ny nettstasjon i forbindelse med nytt reinseanlegg for å sikre nok kapasitet i straumforsyninga.

5.12. Grunntilhøve

5.12.1. Stabilitetsforhold

Store deler av planområdet ligg under marin grense. Området er kartlagd for naturlege store områdeskred (kvikkleire) av Sula kommune. Under kartlegginga vart området grunnundersøkt, og det vart funne friksjonsmassar. Næraste område med kvikkleire er ved Veibustkrysset, medan Kongshaugstranda og Kvasneset er friskmeld for kvikkeleireområder.

Lausmassekart frå NGU syner forventa lausmassestype i det øvre laget i området. I det aktuelle området er det forventa marin strandavsetning (mørk blå), tynn hav-/strandavsetning (lysblå) og tynn og tjukk morene (lysegrøne og mørkegrøne feltar).



Lausmassekart frå NGU inkludert lausmasseskildringar.

5.12.2. Rasfare

Deler av planområdet ligg i bratt terreng opp mot Breidalen og Veibustfjellet. Det er ikkje registrert historiske skredhendingar i NVE Atlas for planområdet, men planområdet ligger innan utløpsområde for snøskred ifølge Aktsomheitskart frå NVE. Det er derfor gjort ei skredfarevurdering etter NVEs rettleiar Sikkerhet mot skred i bratt terreng - Utredning av skredfare i reguleringsplan og byggesak, med vurdering av fare for snøskred og sørpeskred, steinsprang, jordskred og flomskred. Det samla nominelle sannsynet for skred i kartleggingsområdet er vurdert å være $< 1/1000$, og det vil etter TEK17 ikkje være behov for avbøtande tiltak i det vurderte området.



Aktsomheitskart for snøskred og steinsprang. Administrasjonsbygget ligg utanfor faresonen, mens skredfare er vurdert for staden for luftepipa. Kjelde. NVE.no.

5.13. Støytilhøve og luftforureining

I samband med konsekvensutgreiingane vart det utført ei støyutgreiing. Det er utført berekningar av støy til omkring liggande støyfølsam bygningsmasse for 0-alternativet og for framtidig driftsfase på reinseanlegget. Primær støykjelde i området er eksisterande E39.

Vegtrafikk er den viktigaste kjelda til lokal luftforureining i Norge (miljodirektoratet.no). Konghaugstranda som går gjennom planområdet har låg ÅDT (<500) og planforslaget medfører ikkje vesentlege endringar i dagens vegnett eller auke av trafikk på vegen. Miljødirektoratets Fagbrukarteneste for luftkvalitet indikerer heller ikkje at det er utfordringar langs E39 som kan påverke området.

5.14. Forureining i grunnen

Det er ikkje registrert forureining i grunnen innanfor planområdet.

5.15. Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

I samband med planforslaget er det gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Denne er gjort i tråd med DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, april 2017) og etterkommer plan- og bygningslovens krav om ROS-analyser ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3).

Følgande moglege uønska hendingar er identifisert, basert på gjennomgang av sjekkliste:

- Flodbølge som følgje av skred frå Åknesrenna
- Stormflo / havnivåstigning
- Akutt forureining
- Bortfall av elforsyning
- Skred
- Større ulykke på veg

6. Omtale av planforslaget

6.1. Planlagt arealbruk


6.1.1. Reguleringsformål over grunnen

Formål	Feltnamn	Areal (daa)
§12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg		
Avløpsanlegg (1542)	AV1, AV2	9,8
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Køyreveg (2011)	o_KV1, f_KV2	5,2
Fortau (2012)	o_FO	2,7
Annan veggrunn - grøntareal (2019)	o_AVG1, o_AVG2, o_AVG3, o_AVG4, o_AVG5	8,7
Parkeringsplassar (2080)	f_P1, f_P2	0,9
§12-5. Nr. 3 - Grøntstruktur		
Friområde (3040)	o_FRI1	1,0
Vegetasjonsskjerm (3060)	VS1, VS2	2,5
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone		

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6001)	BSV	0,8
Totalt areal over grunnen		31,7

6.1.2. Reguleringsformål under grunnen

Formål	Feltnamn	Areal (daa)
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg		
Avløpsanlegg (1542)	AV3, AV4	117,1
Totalt areal over grunnen		117,1




Plankart over grunnen, datert 29.3.2023. Administrasjonsbygget og luftepipa skal plasserast innanfor områder med oransje farge.

6.2. Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

6.2.1. Avløpsanlegg

Området for avløpsanlegg er delt i ulike felt. Oppe på grunnen er det areal til administrasjonsbygning og luftepipe over fjellhallen. Under bakken er det areal for fjellhall og tunnelar for tilkomst. Det er vesentleg større fleksibilitet i kor fjellhallen kan plasserast enn kor administrasjonsbygning og luftepipe kan plasserast, da fjellhallens plassering har mindre konsekvens for området rundt.



Skisse som visar korleis fjellhallen og tunnelar inn kan plasserast. Mørk grå linje viser grense for område som blei varsla ved oppstart av planarbeid.

6.2.2. Køyreveg og fortau

Vegen Kongshaugstranda vil få nytt fortau. Fortauet blir plassert stort sett i kant med dagens vegkant. Køyrevegen blir flytta lenger inn frå strandkanten. Fortauet blir avslutta ved Veibustkrysset. Det er ikkje plass til fortau inne i kulverten. Dette vil bli løyst som ein del av utbetringa av sjølve Veibustkrysset.

I sør vil fortauet bli avslutta ved eigedomsgrensa til Fabrikkvegen 8. Det er ikkje mogleg å føre fortauet helt til Kvasnesvegen av omsyn til overvatn og altfor store inngrep i private tomter. Det er en bekk i rør over tomta til Fabrikkvegen 8 som ikkje får plass i tillegg til fortau og eksisterande bustader.

Det er ikkje rekkefølgjekrav til opparbeiding av fortauet meir enn fram til stikkvegen mot næringstomtene. Meir enn så er det ikkje love å finansiere over VA-gebyr. Resten av


fortauet må finansierast separat frå etableringa av reinseanlegget, t.d. over det ordinære kommunale investeringsbudsjettet.


6.2.3. Anna veggrunn - grøntareal

Anna veggrunn er grøft, fyllingar, skjeringar og anna sideareal til vegen. Der feltet er markert med o_AVG skal kommunen eige området.

6.2.4. Parkering

Regulerte parkeringsplassar ved nausta blir samla i nye, større parkeringsplassar, for å gje plass til fortauet.





Illustrasjonsplan utearealar og snitteikning (Asplan Viak 30.04.2021)

6.2.5. Friområde

Ved landtaket for leidningane til/frå reinseanlegget har det tidlegare vore to nausttomter. Desse er no sett av til friområde der leidningane blir lagt under bakken. Det betyr at moglegheita for å bygge to naust er fjerna.

Gravrøysa sør i planområdet er også sett av til friområde.

6.2.6. Vegetasjonsskjerm

For å skjule administrasjonsbygget og parkeringsplassen der er det viktig at eksisterande vegetasjon rundt sikrast så langt råd er.

6.2.7. Landbruksformål

Eit mindre område dyrka mark er tatt med fordi det mellombels skal fungere som anleggsområde.

6.2.8. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Leidningar inn og ut av reinseanlegget kan plasserast i området for Bruk og vern av sjø. For å feste dei skikkeleg kan dei dekkjes over slik at strandlinja endrast litt.

6.3. Plassering og utforming av bygg

Administrasjonsbygget er i to etasjar der kvar etasje er på omlag 600 kvm. Maksimal bygd areal er 25 %-BYA.

Byggehøgda er omlag 7 m. Maksimal høgde er sett til kote 16.0 m. Ventilasjonsoppbygg, solcellepanela og liknande er lov over maksimal høgde.

Fjellhallen er på omlag 8500 kvm. I tillegg kjem tunnelar inn til fjellhallen.

Reguleringsplanen opnar for ein noko større fjellhall enn kva som er prosjektert no.

Det vil bli 5-7 arbeidsplassar på reinseanlegget når anlegget er i drift.



Skisse til administrasjonsbygg

6.4. Trafikkløysing

6.4.1. Utforming av vegar

Reinseanlegget får avkøyrslø rett frå køyrevegen Kongshaugstranda. Køyrevegen Kongshaugstranda skal utvidast til 6,0 m køyrebanebreidde pluss 0,5/0,25 m skulder. Total vegbreidde blir 6,75 m inkl. skuldra.

Det blir fortau på nord-/austsida av vegen, mot naustrekkja, på heile strekinga frå Veibustkrysset og fram til avkøyrsla til næringsområdet med gnr/bnr 58/31. Fortauet blir 3,0 m breitt pluss 0,25 m grusa skulder. Frå avkøyrsla og vidare ned mot 57/2 og 57/48 vil vegen tilpassast eksisterande veg.

Etter politisk vedtak er fortauet forlenga frå Kongshaugstranda, opp Fabrikkvegen til Kvasnesvegen. Fortauet er lagt på nordsida av vegen **og fram til** tomte til ein bustaden i Fabrikkvegen 8. **Der stopper fortauet, ettersom det ikkje har vært mogleg å finne løysingar for overvatn utan at det får store negative konsekvensar for de bustadtomtene som er der.**

6.4.2. Bredde og stigningsforhold

Køyrebane/asfaltert bredde er 6,25 m, vegskulder mot grøft 0,5 m, kantsteinsklaring 0,25 m ($0,5 + 6 + 0,25 = 6,75$ m). Vegen har ei moderat stigning på maks. 3 %. Fabrikkvegen frå næringsområdet opp til Kvasnesvegen er uendra.

6.4.3. Val av vegklasse

Vegen er dimensjonert etter vegklasse «Samlegate 3 (Sa3) med fortau (Teknisk norm for gater og veger, Møre og Romsdal, 2022). Skulder til fortau som er 0,25 m, i staden for 0,5 m, er avvik frå Teknisk norm.

6.5. Parkering

6.5.1. Ved reinseanlegget

Innanfor området for reinseanlegg – administrasjonsbygg er det krav om minst sju parkeringsplassar for bil og minst fem parkeringsplassar for sykkel.

6.5.2. Ved naust langs vegen Kongshaugstranda

Reguleringsplanen for strandlinje Veibust – Kvasnes (1990) har areal for felles parkeringsplassar ved nausta. Nokon av parkeringsplassane er opparbeida i tråd med reguleringsplanen. Når det nye fortauet skal byggast må parkeringa ved nausta endrast. Parkeringsplassane samlast på nokon få, litt større parkeringsplassar. Parkeringsplassane vil bli etablert i samband med bygging av fortauet.

6.6. Tilknytting til infrastruktur / nausttomter slettast

Det er nødvendig å opparbeide ny vassforsyning og ny straumforsyning til reinseanlegget. Det løysast ved å bygge trafo ved administrasjonsbygget.

Avløpsleidningane inn til reinseanlegget går over eigedommen gnr/bnr 58/6 der det er planlagt tre nye naust i reguleringsplanen «Reguleringsendring strandlinje Veibust-Kvasnes parkeringsplassar og nausttomter» (2001). To av desse nausttomtene vil bli sletta som konsekvens av at plassen trengs til avløpsleidningar. Det tredje naustet vil kunne byggast som planlagt.

6.7. Universell utforming

Som for alle arbeidsplassar må administrasjonsbygget tilfredsstille krav til universell utforming. Tilgjengelegheita er god ved at vegen inn går i flatt lende langs sjøen og inngangsdøra er plassert på same nivå som vegen. Som for andre prosessanlegg har fjellhallens prosessanlegg ikkje universell utforming. Det er krav om ein HC-parkeringsplass ved administrasjonsbygget.


6.8. Landbruksfaglege vurderingar

Det er noko tap av jord som er registrert som fulldyrka i gardskartet til Nibio.

Der administrasjonsbygget skal byggast er deler av område registrert som fulldyrka jord. Det vil også bli planta vegetasjonsskjerm rundt administrasjonsbygget på noko fulldyrka jord. I tillegg vil utvida veg med fortau ta noko fulldyrka jord. Totalt vil omlag 3400 kvm. fulldyrka jord bli permanent omdisponert.

Utover dette vil Rigg- og anleggsområde omdisponere 456 kvm. mellombels.

Det er krav om matjordplan før byggeløyve for å sikre at matjorda vert teken vare på ein annan stad.



Gul skravur viser fylldyrka
og overflatedyrka jord.

6.9. Kollektivtilbod

Det er busshaldeplass Veibustkrysset i ved E136 der både Timeekspresen mellom Ålesund og Ørsta og linje 4 Langevågbusen passerer. Det er 600 m å gå frå busshaldeplassen til administrasjonsbygget.

6.10. Kulturminne

6.10.1. Løysingar i høve kulturminne

Kvasnes er rikt på freda kulturminne og Kongshaugstranda ligg midt i kulturminneområdet. Det er ikkje planlagt inngrep i gravrøysa på nedsida av vegen. Å gjere vegen breiare betyr inngrep i noko areal der det har vore busetnad frå jernalder og steinalder. Det same gjelder for eit område der det blir terrenginngrep ved administrasjonsbygningen. Desse områda er vist med føresegnsområde i plankartet.


Etter samråd med fylkeskonservator er ein vorte samde om ein løysing.

Ved gravrøysa skal fylkeskonservator vere til stades ved arbeid på vegen. Det er forbod mot inngrep i vegetasjon på gravrøysa. Fylkeskonservator kan krevje tilpassing av fortauet dersom gravrøysa går under der det er veg i dag.

Kulturminneområder i bestemmelsesområda #3, #4 og #5 skal gravast ut.

Kulturminneområde i bestemmelsesområda #1, #2, #6, #8, #9 og #10 er frigitt utan vilkår om ytterlegare undersøking.

Ein illustrasjonsplan visar kor avgrensingsgjerder skal plasserast i byggeperioden.




Illustrasjonsplan som viser registrerte automatisk freda kulturminne. Det mørke runde området er gravrøysa som skal bevarast og sikrast. De to områdene som skal gravast ut ligger rett sør for administrasjonsbygget og øst for parkeringsplassen i nord. I tillegg skal den delen av kulturminnet som går inn på området for administrasjonsbygget gravast ut. Den delen av andre verneområda som er innafor planområdet vært frigitt utan vilkår om ytterlegare undersøking.

6.11. Anleggsperioden

6.11.1. Riggplass

Det er sett av plass til riggområde ved tomta for administrasjonsbygg og deler av vegetasjonsbeltet rundt. Den første fasen i bygginga vil bestå av å bygge fjellhallen. Sånn sett kan hele tomta for administrasjonsbygget brukast som riggplass fleire år før bygginga der starter. I tillegg er det avtalt plass for rigg eller mellombels masselagring på industriområdet rett sør for tomta.



Moglege anleggs- og riggområder vist med gule markeringer.

6.11.2. Støy og støv

Nødvendige tiltak for vern av omgjevnadene mot støy og andre ulemper i byggje- og anleggsfasen skal vere etablert før igangsetjing. For å oppnå tilfredsstillande miljøhøve i anleggsfasen skal luftkvalitets- og støygrenser i Klima- og Miljødepartementets rettleiar for behandling av luftkvalitet T-1520 og rettleiar for støy i arealplanlegginga T-1442 vere førande.

I denne fasen av prosjektet er informasjonen om anleggsgjennomføringa fortsett på eit overordna nivå. Detaljerte støyberekningar av anleggsarbeida blir normalt gjort når planane for anleggsgjennomføringa blir meir avklart. Det er derfor ikkje utført detaljerte støyberekningar for anleggsperioden ettersom det på noverande tidspunkt ikkje føreligg tilstrekkeleg detaljerte framdriftsplanar / faseplanar.

Støy i anleggsfasen skal vurderast med omsyn på grenseverdiar gitt i rettleiar T-1442. Støygrensene for dag og kveld varierer avhengig av lengde på den totale driftsperioden, se tabell 4. For dag og kveld skjerpast dermed krava med 5 dB for arbeid lenger enn 6 månader.

I eit prosjekt som dette vil anleggsarbeida vanlegvis vere lengre enn 6 månader og dermed vil dei strengaste grenseverdiane gjelde.

Støv i anleggsfasen skal vurderast med omsyn på grenseverdiar gitt i rettleiar for behandling av luftkvalitet T-1520. Tiltak for å binde støv kan særleg vere aktuelt ved omlasting av steinmassar.

6.12. Avbøtande tiltak

Konsekvensutgreiinga viste på ei rekke avbøtande tiltak. Følgjande avbøtande tiltak er innarbeidd i reguleringsplanen:

Foreslått avbøtande tiltak	Kommentar
Landskapsbilde rundt automatisk freda kulturminne ved Kongshaugen. Viktig å ta vare på samanhengande kulturlandskap og at administrasjonsbygget ikkje blir synleg frå sjøen.	Vegetasjon i skråninga og eit skjermbelte mot vegen er sikra i plankart og føresegner. Murens materiale og høgde er satt i føresegner. Illustrasjonar i planomtalen.
Sperreband/anleggsgjerde for å skjerma freda kulturminne ved bygging.	Sikra i føresegner.

Fortau langs Kongshaugstranda. Gåande og syklande i anleggsfasen og seinare til/frå busshaldeplassen.	Vist i plankartet. Føresegner om rekkjefølge sikrar at fortauet blir bygget før fjellanlegget og administrasjonsbygget skal byggast.
Krav om matjordplan med rigg og marksikringsplan.	Sikra i føresegnar.
Hydrologisk vurdering med tanke på tetting. Undersøke om nærliggande bygg har kommunalt vann eller eiga brønn.	Hausten 2022 er det utført ny grunnundersøkingar. Resultatet viser god fjellkvalitet med liten inntrenging av vatn. Unntaket er ein sprekk under Breidalen. Derfor sikrar planen at fjellhallen ikkje plasserast under sprekkene. Nærliggande bygg har allereie kommunalt vatn.
Val av tidspunkt for anleggsverksemd for å ta vare på naturmangfald og å unngå forureining i sjøen. Hindre spreining av partiklar i sjøen.	I Borgundfjorden er torskens gyteperiode viktig å unngå. Det er utanfor planområdet. Ved Vegsundet er det viktig å unngå tiltak i hekkeperioden for sjøfugl. Derfor er det i føresegnene same forbodsperiode for anlegg i sjø som ferdselsforbodet i naturreservatet ved Vegsundholmane.
Val av riktig høgde og plassering på luftepipa.	Sikra i føresegnar og plankart.
Tiltak mot spreining av framande artar. Oppdatert kartlegging av framande artar ved detaljprosjektering.	Sikra i føresegnar.

Her under forklarast kvifor følgjande avbøtande tiltak som var foreslått ikkje er innarbeida i planen:

Foreslått avbøtande tiltak	kommentar
Retning utsleppspunkt	Utsleppspunkt blir bestemt av Statsforvaltaren i utsleppsløyve.
Overskotsmassar kan brukast for å lage tursti mot Sunde.	Det ikkje er mogleg rent praktisk å regulere inn ein framtidig tursti frå Kvasnes til Sunde. Dette vil være ein prosess der grunneigarar, andre berørte og regionale myndigheiter må involverast. Det vil vere ein tidkrevjande delprosess og vil kunne utløyse tilleggsgutgreiingar for å finne frem

	til beste plassering. Parkeringsplass må vurderast. Ein framtidig tursti bør opp til vurdering ved til dømes rullering av kommuneplan eller ei framtidig områdeplan.
Friluftsparkering ved reinseanlegget	Ikkje eigna stad for friluftsparkering av omsyn til sikkerheit ved reinseanlegget.
Fortau i kulverten ved Veibustkrysset.	Kulverten er for smal. Breiare kulvert og fortau kjem ved oppgraderinga av Veibustkrysset.
Ved behov legge slamtransport til mest gunstig tidspunkt i døgnet.	I driftsfasen vil det vere uttransport av 1-2 lastebillass med slam pr. dag. Det er ikkje behov for å styre eit så lite omfang av transport til spesielle tidspunkt i døgnet.
Val av så skånsam anleggsmetode som mogleg for å ta vare på naturmangfald og å unngå forureining i sjøen.	Blir bestemt i byggeløyve sidan det ligg utanfor planområdet.

6.13. Rekkjefølgjeføresegn

Før igangsetjingsløyve skal følgjande vere gjort:

- Ny luktspreiingsanalyse for nøyaktig plassering av luftepipa
- Veg, fortau og parkeringsplassar bygd
- Plan for overvatn, VA og sløkkjevatn i anleggsfasen og driftsfasen
- Godkjenning av avfallshandtering
- Miljøoppfølgingsplan med særskilt fokus på framande artar og matjordplan
- Vurderingar av korleis støy og støv kan avgrensast.
- At Veibustkrysset skal være utbetra dersom fjellmasser skal transporterast nordover på E39.

Før bruksløyve skal også følgjande vere ferdig:

- Kommunaltekniske anlegg
- Grøn vegetasjonsskjerm

7. Vurderingar av alternative løysningar

Det ble utarbeida eit skisseprosjekt i 2017 av Norconsult og eit forprosjekt i 2021 av Asplan Viak. Konsekvensutgreiinga til reguleringsplanen ble laget av Norconsult i 2020. I tillegg er det utarbeida ei rekke ulike fagutgreiingar. Under desse åra er mange ulike alternative løysingar blitt vurdert. I dette kapitlet visast nokon av dei alternative løysingane.


7.1. Val av resipient

Kor utslepp av reinsa vann skal skje er vurdert fleire gangar, seinast i ei resipientundersøking i 2019. Resipientundersøkinga tar for seg prøvetaking i tre fjordar og 15 vatn.

I både Valderhaugfjorden – Ellingsøyfjorden, og Heissafjorden – Borgundfjorden – Åsefjorden ligger dei djupaste delane på rundt 100-150 meter. I alle områdene finner vi grunnare tersklar som kan redusere utskiftinga av botnvatn og gjere områda sårbare for organisk belastning. I Storfjorden ligger dei djupaste delane på rundt 450 meter. I Sulafjorden og Storfjorden finnes det større areal og meir massar av vatn i dei djupaste områda.

Ellingsøyfjorden og Borgundfjorden er i 2022 registrert å ha moderat økologisk tilstand, mens Storfjorden ytre har god økologisk tilstand og Sulafjorden er registrert å ha svært god økologisk tilstand. Mellom Humla og Fiskarstranda er det registrert dårleg økologisk tilstand.

Borgundfjorden er eit nasjonalt viktig gyteområde for torsk. Ellingsøyfjorden er eit regionalt viktig gyteområde for torsk. Det er ikkje registrert gytefelt i Sulafjorden. Ettersom dei fleste bur ved Borgundfjorden og Ellingsøyfjorden har disse områda stor verdi for friluftsliv. Både av omsyn til naturverdiar og til verdiar for friluftsliv er betre kvalitet på vatnet i Borgundfjorden og Ellingsøyfjorden ønskeleg.



Miljøtilstanden er delt inn i fem klassar: svært god (petrol farge), god (grøn farge), moderat (gul farge), dårleg (oransje farge) og svært dårleg (rød farge):

Kjelde [VannNett-Portal \(vann-nett.no\)](http://vann-nett.no) (2022)

Borgundfjorden tek i dag imot avløp frå både Ålesund og Sula, men fleire av desse utslippa blir sanerte om nytt reinseanlegg med utslepp til Storfjorden vert bygd. Å sanere utslepp av avløpsvatn til område med moderat økologisk tilstand er eit godt tiltak for å oppnå miljøkrava. Storfjorden har eit stort volum med rundt 440-450 m på det djupaste, raskare utskifting av vatnet, og er generelt vurdert til å vere ein betre resipient. Det er derfor ønskeleg å føre utslepp dit i staden for til Borgundfjorden.

7.2. Tidlegare vurderingar av plassering av reinseanlegget

7.2.1. Planar om nytt reinseanlegg for Sula kommune på Sunde

I kommunedelplan for avløp 2011-2021 er det vedtatt ein strategi om å samle kommunalt frå Fiskarstrand avløpsvatn til eit nytt reinseanlegg på Sunde.

- RA1 Langevåg fortsett drift. Oppgradering for å tilfredsstille primærreinsekrav.
- RA2 Fiskerstrand blir bygd om til pumpestasjon. Overføring til nytt primærreinseanlegg RA14 ved Sunde.

I 2013 ble Eikrem vurdert som alternativ, men det blei ikkje tatt vidare fordi det blei vesentleg dyrare enn Sunde.

7.2.2. Felles reinseanlegg for Ålesund og Sula kommune på Sunde eller Kvasnes

I tråd med mål i Sula kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen (kp.2.3.1) og Tiltaksprogram for Vassregion Møre og Romsdal 2016-2021 (kp. 5.1.2) om interkommunalt samarbeid starta Sula og Ålesund kommunar i 2016 drøftingar knytt til eit mogleg framtidig samarbeid om eit felles avløpsreinseanlegg. Begge kommunane gjorde i 2016 vedtak om ei vidare felles utgreiing av dette (for Sula kommune: K-sak 2016-025, i Bystyret i Ålesund kommune i sak 113-16).

I første omgang vart det vurdert om Ålesund kommune skulle kople seg på Sula kommune sin plan om eit nytt reinseanlegg ved Sunde, og kommunane fekk i fellesskap utarbeidd eit teknisk forprosjekt/skisseprosjekt for eit felles reinseanlegg på Solavågen (Norconsult juli 2016). Konklusjonen frå forprosjektet var at det lar seg gjennomføre teknisk, men grunna manglande infrastruktur ut mot planlagt anleggsområde, trong trasé langs europavegen, sårbar poll, mykje infrastruktur (kablar) som måtte kryssast i fjorden og høge kostnader ved å passere over Solevågseidet såg ein nærare på Kvasnes som alternativ. Det vart vedteke (i Bystyret i Ålesund kommune i sak 037/18 og i Sula kommune i kommunestyremøte K-026/18) å jobbe vidare med Kvasnes som alternativ lokalisering.

Planarbeidet er basert på ei lang rekke politiske vedtak der kommunestyrevedtak K-026/18 og vedtak P-099/18 i Det faste utvalet for plansaker i Sula kommune er dei mest sentrale:

K-026/18 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek å fortsette samarbeidet med Ålesund kommune om eit felles fjellanlegg på Kvasnes med sekundærreinsing. Dette ut frå både miljømessige og økonomiske omsyn.

P-099/18 Vedtak:

Med grunnlag i vedtak K-026/18 om å fortsette samarbeidet med Ålesund kommune om eit felles avløpsreinseanlegg og heimel i plan- og bygningslova § 12-8 vedtek det faste utvalet for plansaker å varsle oppstart av regulering av areal til fjellbasert avløpsreinseanlegg med tilhøyrande infrastruktur, med slik justering;

-Planområdet skal utvidast mot vest for å legge til rette for ein mogleg framtidig turstitråse mellom Kvasnes og Sunde.

Mynde til å gjennomføre varsling i samsvar med vedlagt forslag til varslingstekst og planavgrensing vert delegert til rådmannen.

Det var eit innbyggjarforslag i 2018 om å utgreie alternativ plassering av framtidig avløpsreinseanlegg på ytre del av Sula vekk frå busetnad, med utslepp så langt ut mot/i havet som mogleg. Forslaget blei avvist i vedtak fordi det ville set samarbeidet med Ålesund i fare og fordi andre alternativ enn Sunde og Kvasnes aukar faren for pålegg om midlertidige tiltak på eksisterande reinseanlegg.

I same kommunestyremøte var det ein interpellasjon frå Miljøpartiet De Grønne om at «dersom ein inngår samarbeid med Ålesund kommune om felles reinseanlegg skal det igangsetjast ei grundig utgreiing som tek for seg alternative plasseringar i kommunen.» Interpellasjonen vert teken til vitande.

I kommunestyremøtet 03.05.2018 blei følgande vedteke:
«Sula kommunestyre vedtek å fortsette samarbeidet med Ålesund kommune om eit felles fjellanlegg på Kvasnes med sekundærreinsing. Dette ut frå både miljømessige og økonomiske omsyn.


Vedtak om å starte planarbeid og vedtak om varsel om oppstart av planarbeid hausten 2018.»

7.2.3. Grunner for å plassere reinseanlegget på Kongshaugstranda

Gjennom den politiske prosessen og i forskjellige utgreiingar er det vist følgjande grunner for å plassere reinseanlegget på Kongshaugstranda:

- Plassering nær Storfjorden då den er ein meir eigna resipient enn Borgundfjorden eller Ellingsøyfjorden av omsyn til økologisk tilstand, gyteområde for torsk og friluftsliv.
- Utslepp av reinsa vatn i Storfjorden ved Kongshaugstranda gjer ei djupare og betre innlagring enn eit tilsvarande utslepp i Hessafjorden.
- Fjellformasjon med bra høgde og stabilitet som gjer den eigna for ein fjellhall.
- Unngå plassering ved Sunde p.g.a. konflikt med E39 og eksisterande teknisk infrastruktur samt topografiske utfordringar frå nordsida av Sula ved Eidsneset til sørsida ved Sunde.

- Det er økonomiske fordelar i høve investering og drift i eit større reinseanlegg enn fleire mindre. Eit større anlegg er meir robust i forhold til nye krav i framtida.
- Kortast avstand og best egna trasé for avløpsleidningar i overføringsanlegget.
- Minst mogleg bruk av pumper for å få vatn til og frå reinseanlegget for å holde driftskostnadene nede. Driftskostnader avgrensar kor langt ein kan føre leidningar for reinsa vatn ut frå reinseanlegget.
- Nærleik til sentrale knutepunkt og hovudnett. I forhold til mønster for busetnad samla i Sula og Ålesund er Kongshaugstranda meir sentralt enn for eksempel Langevåg og Hessa.
- Det er behov for veg til reinseanlegget. Ein ny veg kan ikkje byggjast på nordsida av Sulafjellet ut mot Eltrane av omsyn til naturverdiar, skredfare, friluftsliv og kostnader.




Kart frå SSB som viser busetnad i Sula og Ålesund kommunar og kor reinseanlegget på Kongshaugstranda er planlagt.



Storfjorden/Sulafjorden er djupare enn Borgundfjorden/Hessafjorden. Kartet er henta frå 1881.no.

7.3. Utsleppspunkt

I 2021 vedtok Sula kommunestyre at utsleppspunktet skulle vurderast opp mot to alternativ. Multiconsults rapport (mai 2022) har vist konsekvensar for fire forskjellige stader. Kommunestyrane i Sula og Ålesund bestemte i oktober 2022 at utsleppspunktet skal ligge ved Kvasneset som det var vist i forprosjektet. Dette temaet vil reguleringsplanen ikkje vise. Statsforvaltaren vil fatte det endelege vedtaket om kvar utsleppet av reinsa vatn vil bli plassert.




Figur 1-2 Oversiktskart over Kvasneset. Undersøkte områder for alternative utslipp er vist med røde rektangler

7.4. Plassering av luftepipe

Prosjektet har som mål at 95 % av lukta skal reinsast før lufta går ut av pipa. Statsforvaltaren stiller krav til at lukta ikkje stiger over 2 ouE/m³. Kravet er satt til den konsentrasjon som ikkje skal overstigast meir enn sju timar i løpet av en måned.

I prosjektet er det mål om å ikkje overstige halvparten av kravet i lova, dvs. 1 ouE/m³. Ved det nivået kan omtrent halvparten av oss fornemme lukt i maksimalt sju timar i løpet av en måned. Ved nivå under 0,3 ouE/m³ vil de færreste kunne kjenne lukt.

I konsekvensutgreiinga blei to alternativ vurdert med ei 20 m høg pipe plassert på toppen av åsryggane aust og vest for Breidalen. Seinare er også plassering ved administrasjonsbygget og nede i Breidalen vurdert.



Ulike plasseringar av luftpipe som er vurdert i luktspreiingsanalyse gjort i november 2022. Plassering B og C blei utgreidd i konsekvensutgreiinga. Plassering 01 og 02 ligg ved administrasjonsbygget. Plassering 03 mellom B og C i Breidalen.

7.4.1. Plassering på åsrygg, alternativ B eller alternativ C.

Ved alternativ B, og også i nokon grad ved alternativ C dannar pipa silhuett, dvs. frå E39 ser ein pipa mot himmelen. Det er ønskeleg at pipa får ei mindre synleg plassering.



Skisse som viser pipa, 20 m høg, på åsryggen øst for Breidalen, alternativ B.

7.4.2. Plassering ved administrasjonsbygget

Pipe ved administrasjonsbygget vil være synleg frå bustadane i Kvasnesvegen deler av året. Det er ein forholdsvis stor negativ psykologisk effekt for dei som bur der. Dei vil også være noko meir utsett for lukt enn om pipa plasserast på fjellet bak.

Pipe ved administrasjonsbygget vil også være nærare og meir synleg frå Vegsundstranda enn ei plassering på fjellet bak.

Kanalane er lenger frå fjellhallen til administrasjonsbygget, noko som betyr at det blir dyrare i drift grunna energi til å drive viftene.

Dette alternativet er også lagt vekk.



Administrasjonsbygget vil bli plassert nedanfor skogholtet midt i bildet. Dersom pipa blir plassert der vil den stikke opp i skogholtet og vere synleg frå bustadane i Kvasnesvegen i vinterhalvåret når det ikkje er lauv på trea. (Frå Google maps)

7.4.3. Plassering av luftepipa i Breidalen

Ei plassering i Breidalen gir ei pipe som frå mange stader er skjult av åsryggane. Den er mindre synleg frå Kvasnes og Veggstrand enn andre alternativ.

Luktspreiingsanalysar for Breidalen utført i november 2022 viser at staden er den mest gunstige for å unngå fare for lukt ved bustader i Kvasnesvegen.

Nøyaktig høgde og plassering av luftepipa må vurderast i høve til synlegheit og luktspreiing som ein del av søknad om byggeløyve.

Det er ikkje gjort økonomiske vurderingar, men erfaring tilseier at alternativa ikkje har stor ulik kostnad.

Konklusjonen er at plassering i Breidalen er å føretrekkje fordi den gir minst fare for at lukt kan fornemast. Det er også en gunstig plassering av fjellhallen i et område med gode geotekniske forhold.



Skisse som viser pipa, 25 m høg, plassert i Breidalen. Plasseringa i Breidalen er valt bl.a. fordi det gir minst fare for lukt der for bur.


7.5. Fortau på oppsida eller nedsida av Kongshaugstranda

Planforslaget for Veibustkrysset viser eit fortou som går bortover Kongshaugstranda på oppsida av vegen. Det vil gi fortou på same side som det er satt av områder til nye bustader i kommuneplanen på Kvasnes.

Fortauet er likevel plassert på nedsida av vegen. Det blir samanhengande fortou frå busshaldeplassen ved Veibustkrysset til industriområdet sør for reinseanlegget. Plasseringa på nedsida av vegen skaper trygge høve for gåande forbi reinseanlegget.

7.6. Transport av overskotsmassar og byggematerialar

Vegvesenet har gitt beskjed om at Veibustkrysset ikkje har kapasitet til å kunne frakte dei store steinmassane frå sprenginga av fjellhallen. Derfor er det sikra fleire forskjellige alternative løysingar.



Utsnitt av forslag til ny reguleringsplan for Veibustkrysset (2021)

Reguleringsplan for nytt Veibustkryss har vore på høring i 2021. Det er usikkert når bygginga kan starte, sidan det ikkje er satt av midlar til oppgradert kryss. Bygging av nytt reinseanlegg kan ikkje vera avhengig av ferdig nytt Veibustkryss. Kanskje ei midlertidig påkøyringsrampe nordover kan etablerast når reguleringsplanen for Veibustkrysset er vedtatt, men også det er usikkert.

Sula kommune har gjort ein undersøking og fått inn ei rekkje interessentar som ønsker steinmassar. Det er for tidleg å inngå kontrakt, men vurdering av transportveg ut av området er gjort.

Steinmassar kan transporterast gjennom Veibustkrysset dersom det er transport sørover på E39 eller til næringsområdet langs Sjukenesstranda, vest for Veibustkrysset.

Eit anna alternativ er å frakte steinmassar ut av området på lekter frå eigedommane gnr/bnr 58/31 og 58/48. Det vil krevje omlasting, mellomlagring og ny kaifront på industriområdet. Derfor viser denne planen utvida veg heilt til industriområdet, med krav om opparbeiding før sprenging av fjellhallen kan starte. Industriområdet blei regulert til industri i 1990. Det er oppretta kontakt med grunneigar.

Byggematerialar til administrasjonsbygget og til fjellhallen vil i stor grad komme nordfrå. Det betyr ei enkel avkøyring frå Veibustkrysset utan kryssing av E39.

Byggematerialar til luftepipa og luftinntaket i Breidalen vil fortrinnsvis bli frakta inn med helikopter. Det er ikkje mogleg å bygge ein mellombels anleggsveg til staden utan at inngrepa i terreng og natur blir for store.

8. Konsekvensutgreiing

8.1. Generelt om konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga blei laga og sendt på høyring vinteren 2022, før resten av reguleringsplanen blei laga. Konsekvensutgreiinga blei vurdert av planutvalet i juni 2022.

Her under visast konsekvensar av endringar i prosjektet som er gjort etter at konsekvensutgreiinga var ferdig. Sjå kapittel 6 for ein oversikt over avbøtande tiltak som er innarbeidd i reguleringsplanen.

Det visast til Samla KU og fagrapportar for detaljert informasjon om konsekvensutgreiinga.

8.2. Forureining av luft - luktproblematikk

Luktspreiingsanalysen er oppdatert etter at fjellhallen og dermed også luftepipas plassering blei endra. Konklusjonen er at det vil bli mindre fare for at lukt kan kjennast der folk bur dersom pipa plasserast i kanten nede i Breidalen. Ved pipeplassering i Breidalen vil primært nedslagsfelt vere utanfor busetnad. Til og med ureina vil bidraget vere under Statsforvaltarens krav på maksimum 2 ouE/m³.

8.3. Kulturarv

Bak naustmiljøet etablerast fortau på austsida av dagens veg, og vegen utvidast i breidde på vestsida. Inngrepet vil ikkje skille seg nemneverdig frå dagens situasjon for naustmiljøet.

Planforslaget gir negativ verknad i form av tap av automatisk freda kulturminne og brot i eit samanhengande kulturmiljø og kulturlandskap ved inngrep i midtre del av eit heilskapeleg kulturlandskap. Det vil bli noko inngrep også nord i kulturmiljøet, men avgrensa til areal langs eksisterande veg.

På grunn av etablering av fortau langs Kongshaugstranda får planforslaget direkte konflikt med dei automatisk freda lokalitetane Askeladden-id 273019, 266384, deler av 273021, 273017. (Askeladden er Riksantikvarens register over freda kulturminne.) Det må søkast om dispensasjon frå kulturminnelovas freding for desse.

I tillegg kjem byggegropa til administrasjonsbygget nær Askeladden-id 230489 (busetnads-/aktivitetsområde frå førromersk jernalder). Kongshaugrøysa (gravrøys id 60611-1) ligg så nær vegen Kongshaugstranda at sikringssona ligg ute i vegen. Vegkanten blir haldt uendra forbi Kongshaugrøysa for å ikkje gjere nye inngrep i sikringssona.

Fortau fram til Kvasnesvegen vil også gje noe meir inngrep i automatisk freda lokalitet.

8.4. Friluftsliv, by og bygdeliv

I samla KU (2021) blei følgande nemnt som tiltak som kan vere med på å gjere høva for friluftsliv betre i området:

- Etablering av ekstra parkeringsplassar i området med tanke på utfart til friluftsområde. Dette er særleg aktuelt i det nordlegaste alternativet ved nausta (alternativ 3).
- Nytte overskotsmassar til opparbeiding av den ønska turvegen til Sunde.
- Etablering av fortau langs Kongshaugstranda og i kulvert under E39 forbedrar tilkomst til friluftsområde, særleg for alternativ 2.

Løysingane er litt endra no som ein har prosjektert meir i detalj.

Nye parkeringsplassar vil bli etablert ved naustrekkja i nord. Det er parkeringsplassar som erstattar parkeringsplassar som er gått tapt andre stader og er satt av til felles for eigarar til naust. Friluftsparkering er heller ikkje mogleg å bygge like ved administrasjonsbygget da det fort vil kunne komme i konflikt med drift av reinseanlegget.

Det er store mengder overskotsmassar frå fjellhallen, men disse vil diverre ikkje kunne brukast for å etablere tursti til Sunde. Traséen ved Sunde er ikkje gitt. Den vil passere bustader og dyrka mark. Traséen vil derfor måtte avklarast i kommuneplanens arealdel først.

Det vil bli bygt fortau frå kulverten til industritomtene bortafor reinseanlegget. Det er krav om at fortauet blir bygd aller først, før fjellhallen blir sprengt ut.

Plasseringa til luftepipa er endra, til ein stad ned mot Breidalen mellom åsryggane på Leirvåg fjellet. Nye luftspreiingsanalysar er utførte. Dei viser framleis at nokon av og til vil kunne fornemme lukt i eit avgrensa område i Breidalen. Det er ei negativ konsekvens for friluftslivet.

8.5. Forureining i sjø

Samla KU (2021) viser på usikkerheit rundt plassering av avløpsleidningar i sjø. Det er ikkje krav om reguleringsplan før byggjeløyve for sjøleidningar. Såleis er ikkje det eit tema i reguleringsplanen, unntatt for staden for landtaket.

Ved landtaket er det forbod i føresegnene mot arbeid i perioden 1. mai til 31. juli av omsyn til hekkande fugl, dvs. same periode det er forbod mot å gå i land i naturreservatet Vegsundholmane.

8.6. Naturmangfald

Konsekvensutgreiinga for naturmangfald er oppdatert hausten 2022.

Plasseringa av luftepipa og luftinntaket er endra til ein stad lavt ned i Breidalen. Det er framleis i området med kystlynghei. Det betyr at konsekvensen er uendra sett opp mot KU, dvs. at det er ein liten negativ konsekvens for naturmangfald da inngrepet er lite.

Det er ikkje planlagt permanent eller mellombels veg fram til luftepipa og luftinntaket. Helikopter vil transportere byggematerialar.

8.7. Forlenga fortau sørover

Etter politisk vedtak i planutvalet er fortauet forlenga frå Kongshaugstranda, opp Fabrikkvegen fram til Kvasenesvegen. Skjering for fortau vil gå inn noko i automatisk freda kulturminne. Langs Fabrikkvegen følger fortauets eksisterande veg, som er brattare enn vegnormen. Helt øvst vil fortauet bli lagt delvis inn på tomte til Fabrikkvegen 8. Der må avkjøyrsla flytte nokre meter lenger ned i bakken ettersom fortauet ligg noko høgare enn køyrevegen. Fyllinga øvst ved Fabrikkvegen er vist som anna veggrunn og skal også ervervast som del av fortauet.

Konsekvensane av forlenga fortau er positive for trafikkssikkerheit. For eigar av einebustaden i Fabrikkvegen vil grunnerverv kunne vere negativt. Inngrep i automatisk freda kulturminne er negativt for kulturmiljøverdiar.

9. Andre verknader av planforslaget

9.1. Overordna planer

Reinseanlegget er ikkje satt av i arealplanen. Administrasjonsbygget er plassert i LNF-område. Nytt fortau er plassert på oppsida av vegen Kongshaugstranda i arealplanen. Nå er det flytta til andre sida av vegen for å gjere det tryggare for gåande. Utbygginga verkar stort sett ikkje inn på omsynssoner for kulturminna og buffersoner rundt disse.

Det er satt av eit framtidig bustadområde sør for administrasjonsbygget på Kongshaugen. Kanten på reinseanlegget og ei buffersone med vegetasjon går inn på bustadområdet, men elles vil reinseanlegget i liten grad vere til hinder for framtidig utbygging i området.

9.2. Landskap

Eit reinseanlegg bør vere minst mogleg synleg, både sett frå nært hald og frå avstand. Administrasjonsbygget er plassert lågt i terrenget. Støttemuren er kledd i naturstein. Det vil bli planta trær og busker som skjuler administrasjonsbygget i alle retningar. Administrasjonsbygget vil bli skjult etter kvart som vegetasjonen voks seg til.

Luftepipa skal plasserast i skråninga på Veibustfjellet, ganske lavt i Breidalen. Det er krav i føresegnene at pipa ikkje skal ha reflekterande materiale og at den skal ha dus, mørk farge for at den ikkje skal bli synleg. Sett frå nokon få vinklar er toppen på pipa synleg over trea, sjå illustrasjonar her under. Frå dei fleste vinklar er pipa skjult bak åsryggane rundt.

Det er utarbeida ein digital modell over området der illustrasjonane her under er henta frå.



Illustrasjon henta frå modellen som viser administrasjonsbygget og luftepipa sett ovanfrå mot sør.




Illustrasjon henta frå modellen med utsnitt sett frå lufta. Administrasjonsbygget

Pipa er vist med 25 m høgde i illustrasjonen og vist i lys farge for å markere kor den er planlagt. Det er innarbeida føresegner som med krav om at pipa blir farget i ei dus mørk farge som gjer den så lite synleg som råd er.



Sett frå Vegsundbrua vil administrasjonsbygget ikkje være synleg. Luftepipa i Breidalen er vist 25 m høg i modellen her.



Modell av området sett frå Vegsundstranda etter utbygging. Administrasjonsbygget vil bli skjult av ny vegetasjon. Toppen av luftepipa (her illustrert 25 m høg) vil stikke opp over tretoppene i Breidalen, men ho vil få ein farge som gjer ho lite synleg.

9.3. Staden sin karakter

Veibust, Kongshaugen og Kvasnes er i dag eit område prega av natur- og kulturlandskap med spreidde bustader. Etter at reinseanlegget med fjellhall og luftepipe er bygd vil ikkje staden vesentleg ha endra karakter ettersom anlegget ligg lågt i terrenget og er skjult av vegetasjon. For dei som bur på staden er det ei endring ved at det blir ei verksemd med aktivitet ved administrasjonsbygget og i tilknytning til fjellhallen. I tillegg kan det bli oppfatta som ei endring at ein veit at reinseanlegget er der.

9.4. Forholdet til krava i kap 11 i Naturmangfaldlova

Se vedlagt rapport om Naturmangfald for ei vurdering av naturmangfaldlova § 8-12.

9.5. Rekreasjon og friluftsliv

Nytt fortau langs Kongshaugstranda vil vere positivt for bruk av strandsona og friområdet der.

Luftepipa vil vere eit inngrep i den elles urørte naturen i Breidalen. Nokon dagar i året vil ein kunne fornemme lukt frå reinseanlegget nær pipa.

9.6. Trafikk

9.6.1. Trafikkforhold

I driftsfasen vil det verte uttransport av 1-2 lastebillass med slam pr. dag, og 3-4 turar med arbeidsrelatert trafikk dagleg. Totalt "produserer" reinseanlegget då om lag 10 turar per dag.

Anleggstrafikken vil bli vesentleg meir omfattande. Derfor er det krav om opparbeiding av breiare veg og nytt fortau før bygging av fjellhall og administrasjonsbygg.

9.6.2. Parkering ved naust

I dag parkerer mange med fronten på bilen mot gavlen til naustet og rygger ut i vegen. Det er ein køyremåte som er farleg og heller ikkje tråd med reguleringsplanen frå 1990.

Det nye fortauet vil gjere det umogleg å fortsette å parkere som i dag. Parkeringa ved nausta vil bli samla i større parkeringsplassar med eit trygt køyremønster. Rygging ut i Kongshaugvegen kan ikkje fortsette etter at vegen får auka tungtransport.



Parkeringsplassen nord i planområdet ved nausta vil få 15 parkeringsplassar.



Parkeringsplassen mellom friområdet og nausttrekkja i sør vil få 15 parkeringsplassar.

9.7. Nausttomter som blir fjerna

Det er fleire og store rør som skal ta avløpsvatn inn til reinseanlegget og reinsa vatn ut frå reinseanlegget. Dette er planlagt på eigdommen gnr/bnr 58/6 der det er planlagt tre nye naust. To av disse nausttomtene vil bli fjerna for å gi plass for landtak for leidningar.

Det vil ikkje vera tillate å bygge på området etter at avløpsleidningar er lagt der. Området regulerast til friområde, som andre grønne områder i strandsona. Det tredje naustet vil kunne byggast som planlagt.

9.8. Støy

Det er utført berekningar av støy til omkring liggande støyfølsam bygningsmasse for 0-alternativet og for framtidig driftsfase på reinseanlegget. Berekningar viser at primær støykjelde i området er eksisterande E39. I forbindelse med drifta av anlegget forventast det ikkje annan støy utover passerande tungtransport og personbilar. Berekningar viser at ingen av alternativa vil medføre ei merkbar auking av støynivået for eksisterande støyfølsam bygningsmasse. Dette skyldast at aukinga av trafikkmengd som følge av drifta

til anlegget er liten og at ingen bustader eller annan støyfølsam bygningsmasse ligger langs vegstrekningen mellom E39 og anlegget.

9.9. Barn sine interesser

Det er barn i nabolaget, men skogholtet der reinseanlegget skal byggast er lite brukt til leik. Jorda rundt er i bruk som akebakke om vinteren og den bruken vil kunne fortsetje etter utbygging.

Den største positive effekten er at reinseanlegg som fungerer dårleg andre stader i kommunen blir fjerna. Barnehagebarna på Molvær vil kunne bruke Molværstranda. Heile Borgundfjorden vil få betre kvalitet på badevatnet.

9.10. Energibehov/energiforbruk

Drift av reinseanlegget krev energi. Det blir løyst ved at reinseanlegget får ein ny trafo. Det ligg ei potensiell energikjelde i slammet som er biprodukt til reinseprosessen. Slammet kan brukast for å lage biogass. Det er ikkje planlagt eit biogassanlegg på Kongshaugstranda, men slammet må fraktast ut av området.

9.11. ROS

Med utgangspunkt i reguleringsplanforslag for Kongshaug er det gjennomført ei analyse av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse). Denne er utført i tråd med DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, april 2017) og etterkjem plan- og bygningslovens krav om ROS-analysar ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3).

Følgjande moglege uønskte hendingar er identifiserte:

- Flodbølge som følgje av skred frå Åknesrenna
- Stormflo / havnivåstigning
- Akutt forureining
- Bortfall av elforsyning
- Skred
- Større ulykke på veg

Risiko og sårbarheit for dei aktuelle hendingane er analysert ved bruk av eige analyseskjema. Vurdering av sannsyn og konsekvens er basert på erfaring frå tilsvarende tilfelle, statistikk og fagleg skjønn. Risiko for den enkelte hendinga er fastsett ved bruk av ei

risikomatrise med kategoriane grøn, gul og raud risiko. For hendingar i raude område er risikoreduserande tiltak påkravd, for hendingar i gule område bør tiltak vurderast, medan hendingar i grønne område inneber ein akseptabel risiko.

Resultat av risikoanalysen er summert opp i tabellen under med forslag til risikoreduserande tiltak.

Uønskt hending	Risiko			Forslag til risikoreduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Flodbølge som følgje av skred frå Åknesrenna				Landtaket ligg helt i grensa for mogleg flodbølge. Ei flodbølge ved Kongshaugstranda vil truleg ikkje gi høgare bølge enn kva som er under ein storm. Ikkje nødvendig å sikre ekstra for flodbølge.
Stormflo / havnivåstigning				Landtaket vil byggast slik at grøft endar om lag på 1 m under lågaste lågvatn. Her vil det vere ein overgang til at røret ligg oppe på botnen. Der det er langgrunt og større krefter frå straum og bølger kan det vere nødvendig å sikre med betongmadrasser, plastring eller liknande. Reguleringsplanen må tillate sikring av leidningar i strandsona.
Akutt forureining				Det vil bli lagt opp til mange tiltak for å redusere risiko. Det vil bli laget eit to-linjesystem og redundant løysing i driftskontroll. Alarm, branncelle og andre tiltak etter byggtknisk forskrift vil sikre mot brann. Disse tiltaka er ikkje nødsynt å innarbeide i reguleringsplanen da det er styrt av anna regelverk.
Bortfall av elforsyning				Reinseprosessen toler korte stopp. Ved straumstans på over eit døgn har Mørenett aggregat for drift av reinseprosess.
Skred				En meir detaljert utgreiing (Multiconsult november 2022) har vurdert fare for snøskred, sørpeskred, steinsprang,

				jordskred og flomskred og konkluderer med at det samla sannsynet for skred er < 1/1000. I hht TEK 17 er sannsyn for skred så låg at det ikkje vil vera behov for avbøtande tiltak der pipa er tenkt plassert.
Større ulykke på veg				Vegvesenet vil ikkje tillate transport av store steinmassar nordover gjennom Veibustkrysset utan at krysset utbetrast. I reguleringsplanen må det identifiserast og leggast til rette for alternative måta å transportere steinmassar i anleggsfasen.

9.12. Jordressurser/landbruk

Det er noko tap av jord som er registrert som fulldyrka i gardskartet til Nibio.

Der administrasjonsbygget skal byggast er deler av område registrert som fulldyrka jord. Det vil også bli planta vegetasjonsskjerm rundt administrasjonsbygget på noko fulldyrka jord. I tillegg vil utvida veg med fortau ta noko fulldyrka jord. Totalt vil omlag 3400 kvm. fulldyrka jord bli permanent omdisponert.

Utover dette vil Rigg- og anleggsområde mellombels omdisponere 456 kvm.

9.13. Grunntilhøve

For å finne den optimale plasseringa av fjellhallane er det gjort nye ingeniørgeologiske undersøkingar hausten 2022. Dette har omfatta kartlegging i felt, kjerneboring av eit 300 m langt borehull og refraksjonsseismiske undersøkingar.

I forprosjektet var Breidalen antatt å representere ei mogleg svakheitssone i berget. Dette er undersøkt vidare i forbindelse med oppstart av detaljprosjekteringa. Det er utført kjerneboring frå stien ovanfor Torvmyrvegen og på skrå ned i berget mot (og under) Breidalen for å undersøke eventuell plassering av ei svakheitssone i berget. Dei nye undersøkingane har gitt meir informasjon om svakheitssonen, og det er anbefalt at fjellhallene plasserast vest for sonen. Dermed ligg fjellhallen mellom alternativ B og alternativ C i konsekvensutgreiinga. Det vil såleis berre vere tilkomst- og

rømmingstunnelane som vil måtte passere sona, noko som er langt enklare å handtere enn dei mye større fjellhallene. Fjellhallene er forsøkt orientert slik at hallenes lengdeakse ikkje er orientert parallelt med nokon av dei viktigaste sprekkesettane i bergmassen.

Bortsett frå svakheitssona er bergmassekvaliteten i området elles god og godt egna for etablering av reinseanlegg i berg. Refraksjonsseismiske undersøkingar viser at det er relativt lite lausmasser både under Breidalen og der administrasjonsbygget er planlagt.

9.14. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Nytt reinseanlegg vil ha store økonomiske konsekvensar for kommunen. Gebyra vil auke.

Det er ingen alternativ til investeringar i ny avløpsreinsing. Krav til reinsing kommer til å auke endå meir ved innføring av nytt avløpsdirektiv frå EU. Stasforvaltaren følger opp med krav og restriksjonar for nybygging.

Norsk vann ga i 2021 ut rapporten «Kommunalt investeringsbehov for vann og avløp 2021-2040». Rapporten slår fast følgjande om auka VA-gebyr:

«Gjennomsnittlig gebyr for norske husholdninger vil om lag doubles fra dagens nivå på 9 500 kroner inkl. mva. For Nordland, Troms og Finnmark, samt Møre og Romsdal viser rapporten at det kan bli snakk om nærmere tredobling av gebyrene fram mot 2040.

For den enkelte innbygger er gebyrveksten avhengig av hvor mye kommunen deres allerede har investert i løpende utbygging og vedlikehold, og hvor mange abonnenter som skal være med på å dele regningen.»

9.15. Konsekvensar for næringsinteresser

Byggeforbod som følgje av for dårleg avløpsreinsing får store konsekvensar for næringslivet. Derfor er det viktig å bygge ut reinseanlegg som oppfyller krav til sekundærreinsing.

9.16. Interessemotsetnader

Det er interessemotsetnader.

Staten ved Statsforvaltaren krev betre reinsing og kan innføre tiltak som byggestopp og bøter for kommunen dersom avløpsreinsinga ikkje oppfyller krava.

Næringslivet frykter byggeforbod både for nye bustader og for næringsbygg og kva det vil gjere for næringsutvikling i regionen.

Kommunens administrasjon har plikt til å jobbe for å oppfylle krav til avløpsreinsing og å unngå byggeforbod.

Ålesund kommune er under press og ønsker samarbeid om nytt felles reinseanlegg.

Busette på Kvasnes og Vegsundet ønsker ikkje reinseanlegg ved Kongshaugen og er bekymra for forureining i nabolaget. Dei er også bekymra for naturen og for Storfjorden.

Innbyggjarar i kommunen fryktar høgare kommunale VA-gebyr.

9.17. Samla vurdering av verknad for folkehelse

Ulempene for busette i nabolaget vurderast som akseptable sidan m.a. utslepp er innanfor grenseverdiane i forskrift.

Velfungerande avløpsreinsing har positiv verknad for folkehelse ved at strandsona blir mindre forureina. Reinare Borgundfjord og Ellingsøyfjord har positiv verknad for alle dei som bor langs fjorden i både Sula og Ålesund kommune, samtidig som Sulafjorden/Storfjorden ikkje blir forringa.

9.18. Avveining av verknader

Gjennom byggeperioden vil det vere stor aktivitet med trafikk, støy og støv. Dette vil vere til ulempe for nabolaget.

Når ein kjem til driftsfasen, vert det tre, fire turar med arbeidsrelatert trafikk dagleg i tillegg til 1-2 lastebilar for dag. Det er i dag opp mot 30 tyngre køyretøy på vegen om dagen.

Tenkt pipeplassering er gjort for å ha minimalt med lukt og ein tek sikte på å kome under halvparten av lovkrav. Det vil vere så lite at berre halvparten av folk vil kunne fornemme lukt i korte periodar nokre dagar i året i enkelte område. Det skal utførast ny luktspreiingsanalyse før det vert gitt igangsetjingsløyve. Lukt kan vere til ulempe for friluftslivet sjølv om erfaring frå andre plassar er at det ikkje har endra friluftslivet i området.

Administrasjonsbygg, breiare veg og fortau vil til ei viss grad påverke matjord og kulturminne negativt ved at areal blir omdisponert.

Når reinseanlegget er i drift, kan ein legge ned elleve andre reinseanlegg som ikkje fungerer etter krava til reinsing. Fleire titusen innbyggjarar blir knytt til lovleg, framtidsretta og miljøvenleg reinseanlegg. Det er bra for innbyggjarane som skal bruke fjøre og sjø til friluftsliv og ikkje minst er det viktig for gyteområdet for Borgundfjordtorsken, som er av nasjonal verdi.

Eit nytt reinseanlegg som innfrir reinsekrav gjer at det ikkje vert pålagt byggestans frå Statsforvaltaren og opnar dermed for utvikling i kommunen med bygging både for private, næringsliv og kommune.

Ei samla vurdering tilseier dermed at det er større fordelar enn ulemper ved å bygge eit felles reinseanlegg ved Kongshaugstranda.

10. Innspel ved varsel om oppstart

Det blei varsla om oppstart i september 2018. I juni 2019 og i august 2022 blei det varsla om utvida av planområde. Innspela er kommentert av forslagsstillar v/ plankonsulent i separat vedlegg.

I tillegg har konsekvensutgreiinga vert på høyring vinteren 2022. Desse merknadene er ikkje tatt med sidan dei blei behandla politisk i møtet til planutvalet 28.06.2022.

11. Avsluttande kommentar

Utslepp av avløpsvatn skal ikkje føre til fare for helse og miljø. For ein større tettstad som Sula og Ålesund er Statsforvaltaren forureiningsmynde. Kor strenge krav som stilles avhenger av resipientens størrelse. Det er stilt krav om sekundærreinsing og unntak frå kravet er ikkje mogleg. Dersom ikkje kravet blir innfridd vil Statsforvaltaren kunne pålegge byggestans og bøter til kommunen. For å sikre utvikling i kommunen med bygging både for private, næringsliv og kommune må avløpsreinsinga oppgraderast.

Statsforvaltaren forventar at framdrifta fram mot ferdig reinseanlegg som blei presentert i brev i juni 2022 blir følgt. Der er det forutsett at reguleringsplanen blir vedteke sommaren 2023. For å rekke det må høyringsperioden på minst 6 veker bli vinteren 2023. Utsett framdrift for reguleringsplanen vil få konsekvensar for når reinseanlegget kan bli tatt i bruk.

Vedlegg

Plandokument

- Plankart V1 under grunnen
- Plankart V2 over grunnen
- Føresegner
- ROS-analyse
- Innspel ved varslings med kommentarer

Nye utgreiingar

- Oppdatert KU naturmangfald, Norconsult, oktober 2022
- Skredvurdering, Multiconsult, november 2022
- Luktspreiingsanalyse, Nemko Norlab, november 2022

Innspel ved varsel om oppstart

- 19 innspel ved varsel om oppstart i september 2018
- 25 innspel ved varsel om utvida planområde i juni 2019
- 8 innspel ved varsel om utvida planområde i august 2022

Konsekvensutgreiinga som behandla av planutvalet 28.06.2022

- KU samanstilling
- Merknader til konsekvensutgreiinga med kommentarer
- KU forureining i sjø
- KU friluftsliv
- KU kulturarv
- KU lokal og regional utvikling
- KU lukt
- KU marint naturmangfald
- KU naturmangfald
- KU naturressursar
- KU strømmingsrapport
- KU støy
- KU trafikk

